



Stiftelsen D/S Stord I



Org. nr. 889 955 732

Bergen, 12. oktober 2016

Utval for kultur, idrett og regional utvikling  
v/ leiar Beate Husa  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

### D/S STORD I - INVITASJON TIL OMVISING, EVENTUELT Å HALDE MØTE OM BORD

Styret i Stiftelsen D/S Stord I er særst nøgde med at Hordaland fylkeskommunen har så sterkt fokus på maritime kulturminne og stør den frivillige innsatsen på dette verneområdet. Vi vil gjerne gi noko tilbake for den offentlege støtta, og det gjer vi m.a. ved å arrangera opne turar med «Stord I».

Vi vil gjerne også få visa fram «Stord I» for Hordaland fylkeskommune sitt utval som har kystkultur og maritime kulturminne som sitt ansvarsområde. D/S Stord I ligg ved Holbergskaien og primo mai 2017 vil båten vera klar for ny sesong og klar for omvising.

Vi vil nemna at salongtilhøva om bord i «Stord I» er slik at det skulle vera mogeleg å avvikla møte for utval på 13 medlemmer med sekretariat om bord.

Det ville gleda oss mykje om utvalet finn høve til ta turen om bord i D/S Stord I i mai eller juni 2017. Ta gjerne kontakt med underteikna på mobil 905 88 708 eller e-post [harald.kvinge@sklbb.no](mailto:harald.kvinge@sklbb.no).

Med venleg helsing

  
Harald Kvinge  
Styreleiar/dagleg leiar

Kopi: Fylkesdirektør Per Morten Ekerhovd